

## DRIFTSTILTAK 2024-2027

|               |   |
|---------------|---|
| <b>Tiltak</b> | <b>030: Ramme 12 - Egedomsskatt, auke med 1 promille</b>  |
| Beskrivelse   | Egedomsskatt for 2023 vart satt ned frå 4 til 3 promille. For å kome i balanse mellom inntekter og utgifter og oppnå ein berekraftig økonomi er det behov for å auke egedomsskatten. Maks sats for egedomsskatt er 4 promille. Beregningsgrunnlaget er 1/3 part av beløpet i konsekvensjustert budsjett.  |
| <b>Tiltak</b> | <b>051: Ramme 2 - Stab Kontinuerlig forbedringarbeid</b>  |
| Beskrivelse   | Kontinuerleg forbedringsarbeid - forenkling, fornying forbedring. Gjennomgang av oppgåver som kan forenklast og forbedrast. Gjennomgang av oppgåver i heile orgnaisasjonen. Oppgåver vil kunne flyttast på tvers av rammeområde, og det er forventa at dette kan gi ei samla innsparing på 5,5 mill.kr som er vanskeleg å plassere i dei ulike rammeområda. Innsparingen er derfor skjønsmessig fordelt på områda ut frå fordelingsnøkkelen basert på bevillingar til områda.   |
| <b>Tiltak</b> | <b>050: Ramme 2, ramme 6 Ny organisering spesialpedagogiske tenester</b>  |
| Beskrivelse   | Tiltaket legg til grunn at ein avdelingsleiar i 50 % stilling vil kunne leie spesialpedagogane i spespedteam barnehage og dei tilsette i PPT. I dag har avdelingleiar for PPT 20 % leiarressurs (redusert frå 40 %) merkantilressurs er organisert under kultur, service og næring), avdelingsleiar for spespedteamet barnehage har 50 % leiarressurs. Spesialpedagogane (570% stilling, 540% er kommunalt finansiert) for barehageområdet leverer spesialundervisning til barnehagane i tråd med enkeltvedtaka kommunen har fatta. I tråd med sentrale føringer arbeider dei systemretta inn mot einingane (private/kommunale) forslik å sikre utvikling av det allmennpedagogiske, samanhengen med det spesialpedagogiske, som er lovpålagde oppgåver.<br><br>30 % stilling er finansiert gjennom Mino-midlar frå UDIR. Alternativ til å ha spespedteam vil vere at barnehagane sjølv må leve spesialundervininga, kommunen vil uansett måtte finansiere dette. Dette vil vere krevjande for barnehagane å rekruttere og behalde spesialpedagogar. PPT har eit omfattande etterslep i sakkunnighetsarbeidet sitt og har ikkje fått bidratt med lovpålagde systemretta samhandling inn i einingane det siste kalenderåret. Det har vore særslig utfordrande å rekruttere avdelingsleiar og sakhandsamar, stillingar har difor stått vakant over lang tid. PPT er slik i ein etableringsfase. |
| <b>Tiltak</b> | <b>045: Ramme 2 stab Berekraftig tettstadutvikling</b>  |
| Beskrivelse   | Syner til eiga sak om berekraftig tettstadutvikling. Tiltaket er lagt inn med bakgrunn i søknad for fylkeskommunale midlar og eit prosjekt over 2 år.<br><br>Formål:<br>Midlar til berekraftig tettstadutvikling skal bidra til å utvikle inkluderande og trygge byar- og tettstader med sær preg, som tilbyr gode bamiljø og offentlege rom, attraktive arbeidsplassar, eit variert kultur- og tenestetilbod, og miljøvennleg transport.<br><br>Vilkår for støtte<br>Kommunane kan få tilskot på inntil 50% av totalkostnaden til utgreiingar og planlegging, mellom anna stadanalyser, arkitektkonkurransar og detaljplanlegging av fysiske tiltak. Til opparbeiding av fysiske tiltak kan ein få tilskot på inntil 33% av totalkostnaden.<br><br>Tiltak må støtte opp om måla i fylkesplan for berekraftfylket Møre og Romsdal, vere forankra i kommunen sine planar og vere i tråd med statlege retningslinjer og føringer for berekraftig stadutvikling mm.<br><br>Tematiske satsingsområde for 2023 er:<br>- Samarbeid om sentrumsutvikling<br>- Mobilitet på tvers<br>- Kvalitetsheving av byrom<br>- Bustad og bustadpolitikk<br>- Sirkulær stadutvikling   |
| <b>Tiltak</b> | <b>024: RAMME 2 Stab Driftstilskot veteranærtene</b>  |
| Beskrivelse   | Haram veteranærdistrikt sokjer Giske kommune om årleg driftstilskot. Veteranærene med   |

offentleg vaktavtale ber kommunane Ålesund, Giske, Sula og nye Haram gå inn med eit fast tilskot på 150.000 kroner kvar for å sikre drifta. Heimel: Kommunen skal sørge for tilgang på dyrehelsepersonell, jf dyrehelsepersonallova §3a. Vedtak i Formannskapet 28. august 2023 med forbehold om å legge summen inn i budsjettet for 2024.

|               |  |
|---------------|--|
| <b>Tiltak</b> | <b>047: Ramme 2, 5, 7 Samhandling og koordinering</b>  |
| Beskrivelse   | Summen av nye lovkrav fordrar organisering for samhandling og koordinering av tenestene, helt frå kommuneleiing/stab. Samfunnsplanen legg, saman med politiske vedtak og føringar, vekt på tidleg, samordna og koordinert tenestetilbod, på eit anna nivå enn slik det er i dag. Dette inneber endring av struktur og oppgåveorganisering. Endringane vil omfatte alle delar av organisasjonen.  |
| <b>Tiltak</b> | <b>044: Ramme 3 Felles/4 Sosialtenesta/6 BFH - Flyktninger Ukraina</b>   |
| Beskrivelse   | <p>Berekna utgifter til mottak av 40 nye flyktningar frå Ukraina i 2024. Budsjett er fordelt etter berekna kostnadsauke. Det er usikkert kva alderssammensetning og bakgrunn flyktningane har og det er vanskeleg å vite kva tenester som aukar. Andre aktuelle tenester er skule, barnehage, vaksenopplæring og helsestasjon. Budsjett på kr 1,4 million blir sett på felles ansvar 1300 til fordeling ved behov. Det er forventa at tilskot er kr 4,2 millionar høgare enn kostnadene.</p> <p>Inntekt statstilskot flyktningar er berekna til kr 8.849.000,- i 2024. Det er berekna at 20 er enslige vaksne, 20 er vaksne/barn i familie og 5 barnehagetilskot.</p> <p><b>BFH:</b><br/>Introduksjonsordninga, kr 2 millionar.<br/>50 % stilling som sjåfør, kr 230 000,-, for å kunne busette flyktningar i område med lite kollektivtilbod.</p> <p><b>NAV SOSIALTENESTA:</b><br/>Sosialstønad til flyktningar kr 1 million. Det er stor usikkerheit i forhold til alder, kor mange familiar og formidlingsevne til arbeid og aktivitet. Det er eit mål at flyktningane skal raskt ut i arbeid/aktivitet, men det er forventa at sosialstønad vil auke i ei periode.</p> <p>Varighet på tiltaket er vanskeleg å forutsjå. Tilskot og kostnader er berekna på same nivå i 2025-27 som i 2024.</p> |
| <b>Tiltak</b> | <b>060: Ramme 3 Reforhandling samarbeidsavtalar</b>  |
| Beskrivelse   | Det er behov for ein gjennomgang av samarbeidsavtaler med andre kommuner. Forventa effekt av dette er 2 mill.kr per år.  |
| <b>Tiltak</b> | <b>058: Ramme 4 Sosialtenesta, 6 BFH - Endring i flyktningtenesta</b>  |
| Beskrivelse   | Effektivisering/omstilling av arbeid med flyktningar.  |
| <b>Tiltak</b> | <b>040: Ramme 5 oppvekst - Lærebøker i tråd med fornya læreplan</b>  |
| Beskrivelse   | Innføringa av fagfornyinga (LK20) medførte stort behov for nye læremiddel, både digitale og analoge, noko einingane i liten grad har hatt rom til å prioritere. Det er difor eit stort behov for å prioritere ekstra innkjøp av lærebøker. Ei analog lærebok kostar ca 700 kr og ein digital læringsressurs med oppgåver følger gjerne med. Tiltaket er for eksempelet si skuld berekna som to lærebøker til alle 1. 5. og 8. klassingane i Giske kommune.   |
| <b>Tiltak</b> | <b>046: Ramme 5 oppvekst -redusert foreldrebetaling i barnehage</b>  |
| Beskrivelse   | Statsbudsjettet legg til grunn redusert foreldrebetaling i barnehage, til makspris på 2000,- per måned frå 1/8-23. Foreldrebetaling i 2023 blir 3000 x 6 og 2000 x 5. Heilårseffekt frå 2025. Auka rammetilskot i 2023 kr 2.954.440,- er lagt inn.   |
| <b>Tiltak</b> | <b>037: Ramme 5 Oppvekst - Tidlig innsats språk og begrepsslæring barnehage - 2024</b>   |
| Beskrivelse   | Styrking av språk og begrepsslæring er tiltak på første trinn i omsorgstrappa. Samfunnsplanen har eit fokus på tidleg innsats og å skulle forebygge utanforskapping.   |
|               | I barnehagene vil tidleg innsats knytt til språk og begrepsslæring gi barna eit godt fundament for sosial og fagleg inkludering. Dette krev at ein i barnehagen jobbar systematisk med språk og begrepsslæring i mindre grupper med godt og eigna materiell.   |

Pedagognorm/tilsettnorm er i dag er på eit minimum noko som går ut over tidleg innsats og førebygging. Barnehagane manglar både rammer til å planlegge og rammer til å gjennomføre systematisk språkarbeid . Dette driftstiltaket inneber ei auke med 50% fagarbeidar på kvar barnehage til frikjøp av pedagogisk leiar for å drive arbeidet.

Arbeidsmateriell:

Barnehagane treng nytt arbeidsmateriell/visuell støtte. Ei auke frå kr 10.000 til kr 40.000 for kommande år, og ei årleg auke etter det på kr 10.000 vil gi rammer til nytt kvalitetsmateriell til språk og begrepsslæring.

|               |  |
|---------------|--|
| <b>Tiltak</b> | <b>042: Ramme 5 Oppvekst reduksjon i lærarstilling 100%</b>  |
| Beskrivelse   | Reduksjon i lærarstilling. I konsekvensjustert budsjett er det lagt inn redusjon i oppgåver i 2024. Ytterlegare reduksjon vil utfordre tidleg innsats, intensivkurs og lærarnorm.  |
| <b>Tiltak</b> | <b>043: Ramme 5 oppvekst -Symjeopplæring meir i tråd med kompetanse måla</b>   |
| Beskrivelse   | <p>Det har ikkje vore innpass i kommunale basseng i Ålesund for elevane våre. Elevane får difor opplæring i Bybadet. Både skyss og inngang har blitt dyrare, og i forhold til ramma inneber dette at opplæringa er vurdert til ikkje å strekke til for at elevane skal ha tilfredstillande måloppnåing i faget. Tiltaket aukar omfanget av opplæringa:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>2. trinn frå 9 til 18 timer</li><li>4. trinn frå 18 til 27 timer</li><li>6. trinn frå 1,5 til 9 timer</li><li>7. trinn frå 3 til 6 timer</li></ul> <p>Ungdomstrinnet frå 0 til 9 timer</p>  |
| <b>Tiltak</b> | <b>035: Ramme 5 Oppvekst- tidleg innsats, lovleg drift</b>   |
| Beskrivelse   | <p>Skulen si plikt til å tilby intensiv opplæring blir utløyst når ein elev står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning. Dette tiltaket er å forstå som første trinn i omsorgstrappa og er eit sentralt ledd i å førebygge utanforskap. Tiltaket vil også tene som støtte til å førebygge åtferdsregulering.</p> <p>Godøy skule: 20% stilling til lesekurs og mattekurs i 2. - 4. klasse. Medfører ei 60% stilling.<br/>Giske: 20 % stilling til kurs på 2.-4. klasse. Medfører ei 60 % stilling.<br/>Vigra: 20% stilling til lesekurs og mattekurs på 2.-4. klasse. Medfører ei 60% stilling.</p> <p>Giske ungdomsskule ser behovet for matematikk og lesekurs på 8. trinn innebør ei stillingsauke på 60%. Dette er for å dekkje opp etterslep etter robek og drift under lærernorm i barneskulen.</p> |
| <b>Tiltak</b> | <b>059: Ramme 5 Vaksenopplæring</b>  |
| Beskrivelse   | Bygge opp eigen teneste for vaksenopplæring, redusere kjøp av tenester frå andre kommuner.   |
| <b>Tiltak</b> | <b>055: RAMME 6 BFH Kontinuerleg forbetring</b>  |
| Beskrivelse   | Eininga må vurdere prosessar for effektivisering og forbetring, evt endre måtar å jobbe på.  |
| <b>Tiltak</b> | <b>004: RAMME 7 Pleie og omsorg - Fellestiltak omstilling</b>  |
| Beskrivelse   | <p>Leanprosjektet Pleie og omsorgstenester i takt med framtida fortset vidare i 2024. Det vert arbeidd med tiltak både innan brukargruppa andre i hovudsak eldre, psykiatri/rus og mennesker med nedsett funksjonsevne.</p> <p>Leanprosjektet vil omfatte følgjande arbeid i 2024, men også andre tiltak vil bli vurdert undervegs:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- kartlegging, vurdering tenester til mennesker med nedsett funksjonsevne. Tildelingskriterier, innsatstrapp.</li><li>- struktur og organisering av tenester pleie og omsorg</li><li>- turnus og vikarininnleige</li><li>- Drift heimebasert teneste</li><li>- Pasientflyt, samhandling og koordinering</li><li>- Vurdere kjøp av tenester</li><li>- Praktisk bistand - vidareutvikling</li></ul>  |

Koordinator for velferdsteknologi vert dekka innan rammeområdet.  
Demensteamet vert auka med 20% stilling

|               |   |
|---------------|---|
| <b>Tiltak</b> | <b>048: Ramme 9 Teknisk - Forventa inntekter kommunal grunn</b>   |
| Beskrivelse   | Forventa auke i leigeinntekter på kommunalt areal til kr. 4 mill i 2024. Deretter er auke på kr. 5 mill pr. år. |

|               |  |
|---------------|--|
| <b>Tiltak</b> | <b>049: Ramme 9 Teknisk - Opphør av avtale med Stiftinga Giske omsorgsbustader</b>   |
| Beskrivelse   | Det er ynskjeleg å seie opp avtalalen med Stiftinga Giske omsorgsbustader som gjeld leige for tomme bustader. (Estimert innspring er budsjett 2024 på kr. 100 000) |

|               |   |
|---------------|---|
| <b>Tiltak</b> | <b>057: Ramme 9 Teknisk - Refusjon lønnskostnader reinhold</b>  |
| Beskrivelse   | Giske kommune skal søke om refusjon for lønnstilskot frå NAV. Hensikten med å søke økonomisk støtte er for å sikre optimale arbeidsforhold for våre tilsette. Vår målsetning er å drive effektivt, og dette tiltaket bidrar til denne effektiviseringa. |